

Prosjektplan:

Bente Bratlund i 40 år -jubileumsframsyning og ny norsk dramatikk for barn og unge.

Det er ikkje mange som kan skryte av ein så stor produksjon som Bente Bratlund. Ho har gitt ut 14 dikthefte, 4 diktbøker og 4 diktsamlingar. I tillegg til dette ei mengde barne- og ungdomsbøker, romanar og bidrag i antologiar. I 2017 er det 40 år sidan ho debuterte som forfattar, og det er det grunn til å markere.

Jubileumsframsyning; Her er eg no!

Bratlund har initiert eit samarbeid med teaterinstruktør og litteraturformidlar Frøydis Flotve, for å lage jubileumsframsyninga. Flotve vil sy saman tekstane, produsere og regissere framsyninga som i hovudsak vil dreie seg om dikta hennar. Bratlund skriv om kvardagar og om levd liv. Ho skriv om det som er viktig for henne og om det som rører ved henne. Dette har vist seg å treffe mange.

Produksjonen er profesjonell, med vaksne aktørar, men planen er også å vidareutvikle manus og tilpasse det for visning med ungdom frå Os barne- og ungdomsteater. Framsyninga har som mål å synleggjere dei tema Bente Bratlund har skildra, og så gjennom dramatiske-, musikalske-, og visuelle verkemiddel, formidle orda, bilda og stemningane. Lokale dansarar skal vere med å illustrere rørslene i dikta og skape scenografiske bilde i scenerommet, koreografert av Ann-Terese Aasen. All musikken blir nykomponert til framsyninga. Det er gjort avtale med komponist Tarjei Vatne, som vil lage både lydbilde og melodi til nokre av dikta.

Klart vi kan

trø ut i det

løfta draumen opp

opna livet opp

ha mot til å våga

eit og eit steg om gangen

eit og eit

klart vi kan



Skodespelarane skal representere dei ulike fasane i dikta og i livet. Draumar, håp, mot, lengsler, refleksjonar og gleder. Det er gjort avtale med skodespelarane Yvonne Algrøy og Lina Taule Fjørtoft, samt forfattaren sjølv som skal stå på scenen. Tekstane er medmenneskelege og handlar om å gripa augneblinken. Dei kan snakke til menneske i alle aldrar frå tenåringen til den gamle. Premieren er planlagt i Oseana 20. oktober 2017. Bratlund har skrivne mykje av det ho kallar kvardagspoesi og målet er å skape ei lyrisk framsyning som er open for alle, uavhengig om dei har eit nært forhold til dikt frå før. Det kan vere som ein døropnar inn til lyriske tekstar

Os barne- og ungdomsteater: Lyrisk kabaret og ny norsk dramatikk

Os barne- og ungdomsteater starta opp hausten 2014 med ynskje om å gi moglegheit til å gi barn og unge eit nært forhold til scenekunsten gjennom aktiv deltaking og personleg oppleving i lokalmiljøet.

Gruppe 1: 2 timar pr. veke. Alder 9-12 år. 4-7. trinn. Maks. 15 stk.

2017-18: Bli kjent med teaterøvingar og teknikkar. Konsentrasjon, tekstproduksjon og samarbeid. Arbeidsvisning til jul. Arbeide fram mot ein større produksjon i vårsemesteret. Dette blir ei dramatisering basert på den nye boka til Bente Bratlund; *Svikta*, som kom ut på Mangschou forlag i mars 2017. Nye scenetekstar for barn og unge, der dei sjølve har vore med å skrive er nødvendig for at det skal angå målgruppa. Det vil skape rom for gjensidig inspirasjon, kreativitet, kompetanseutvikling og kunnskapsoverføring. Manusset skal gjerast tilgjengeleg for andre i ettertid.

Gruppe 2: 2 timar pr. veke. Alder 13-17 år. 8-10. trinn (+ 1vgs.) Maks. 15 stk.

2017-18: Presentere ulike teaterformer og skodespelarteknikk. Arbeide med å utvikle ny norsk dramatikk. Arbeide med ein større produksjon i vårsemesteret ut frå Bente Bratlund sine dikt. Ungdommane skal lage sin eigen versjon av jubileumsframsyninga, med tekstformidling, dialogar, song og dans. Utvikling av ny dramatikk/musikk basert på tekstar frå ein lokal forfattar er positivt for verdiskaping, kreativitet og kunnskap. Manusset kan i etterkant nyttast av andre grupper. Det skal utarbeidast undervisningsmateriale om prosessen.

Satsingsområde og samarbeid

- Os barne- og ungdomsteater skal vere positivt innstilt til samarbeid med ulike organisasjonar og institusjonar.
- Vår 2016 ferdigstilte me ei dramatisering av ungdomsboka *Svarte-Mathilda* av Tor Arve Røssland.
- Vår 2017 deltok ungdomsgruppa i DUS- den unge scenen med nyskriven dramatikk for unge i eit landsdekkande prosjekt. Premierer var i Oseana 9. mars og den regionale festivalen var på Den Nationale Scene i Bergen 16.-18. mars. Barnegruppa presenterte i slutten av mars si nye sjølvlagde framsyning ut frå boka *He-he!* Av Erna Osland, som kom ut i mars 2016. Latteruniverset vart improvisert fram av gruppa ut frå tekstar i faktaboka om latter. Det vart komponert ny musikk til framsyninga. Premierer var på Haugland 27. mars. 2017. Dette var del av Les og le-prosjektet som fekk treårig støtte frå KUP-Hordaland i 2016.
- Søke samarbeid med norske forfattarar og dramatikarar. Nyutvikla dramatikk skal i ettertid gjerast tilgjengeleg for andre barne- og ungdomsteatergrupper, eller skuleklassar for seinare bruk.

Nettsider: www.teaterfrø.no <http://bentebratlund.no/>

<http://www.tarjeivatne.com/> <https://www.facebook.com/aasenkoreografi/>

Beste helsing

Frøydis Flotve
Prosjektleder